

## Søknader om økonomisk støtte frå kommunane

Pr. dato har vi registrert søknader frå 3 kommunar som vi må ta stilling til i samband med budsjett og økonomiplanarbeidet. Vi har registrert søknader frå Stryn kommune, Luster kommune og Florø kommune.

### **Stryn kommune – søknad om forskotering av gang- og sykkelveg**

Stryn kommune har søkt om løyve til kommunal forskotering til bygging av gang- og sykkelveg mellom Loen og Solvik i Stryn kommune. Bakgrunnen for søknaden er ei erkjenning av at trafikken på denne strekninga er sterkt aukande, og det er vanskeleg – eller tilnærma uforsvarleg – å ferdast langs Fv. 60 på denne strekninga til fots og/eller på sykkel.

Kommunen tilbyr følgjande m.o.t. opparbeidings- og finansieringsmedverknad:

- Stryn kommune tek opp lån tilsvarende prosjektkostnad – 20,8 mill. kr,
- Stryn kommune svarer for renter for heile lånet i 4 år rekna frå det tidspunktet lånet vert teke opp.
- Fylkeskommunen overtek 2/3 av lånet etter 4 år herunder rentekostnader på lånet som vil utgjere 13,86 mill. kr.
- Kommunen syter for dei praktiske sidene ved prosjektet slik som grunninnløyving, tilbudsgrunnlag, hente inn tilbod og byggerekneskap.
- Prosjektet blir gjennomført i kommunal regi i nært samarbeid med vegvesenet for kvalitetssikring.

### Vår vurdering av søknaden

Realisering av dette gang- og sykkelvegprosjektet var eit av dei prioriterte innspela frå Stryn kommunen i samband med utarbeidinga av Regional transportplan i 2013. Prosjektet vart ikkje prioritert av fylkestinget under handsaminga av planen i desember 2013.

I møte den 14.12.2010, sak 59/10 vedtok fylkestinget retningslinjer for forskotering av tiltak på fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane. Her går det m.a. fram følgjande:

*Det kan gjevast løyve til forskotering av investeringsprosjekt under føresetnader av at:*

- *prosjektet er prioritert i handlingsprogram for fylkesvegnettet /*
- *det ligg føre godkjent reguleringsplan for prosjektet*

*Forskoteringssummen skal refunderast utan kompensasjon for prisstigning og renter på eventuelle lån.*

*Refusjon av forskottet skal skje når prosjektet kjem i løyvingsposisjon i det vedtekne handlingsprogrammet. Ved ein ev. større reduksjon i det samla framtidige handlingsrommet for fylkesveg-investeringar kan refusjonstidspunktet skyvast ut i tid i inntil 2 år.*

Det ligg føre godkjent reguleringsplan for prosjektet, men tiltaket er ikkje prioritert i Regional transportplan.

Sjølv om det ligg føre godkjent reguleringsplan for prosjektet, meiner vi at søknaden ikkje stettar gjeldande regelverk for forskotering, som m.a. føreset at prosjektet er prioritert i investeringsprogrammet. Fylkesdirektøren syner til at avdelinga må redusere budsjettet med 130 mill. kr i løpet av 5 år. Vi vil tilrå avslag på søknaden på dette grunnlag.

### **Florø kommune – søknad om finansiering av ferjekai på Sør-Skorpa**

Hausten 2013 fekk Flora kommune søknad frå Skorpa grendelag om fullføring av kaianlegg med ferjelem på Skorpa. Søknaden vart handsama av Florø bystyre den 12. desember 2013. Her vedtok bystyret følgjande:

*«Flora kommune stiller seg positiv til etablering av ferjelem på Sør-Skorpa, og tek kontakt med Fylkeskommunen for vidare oppfølging»*

Med utgangspunkt i dette vedtaket har Flora kommune bedt om eit møte med fylkeskommunen om saka. Det er ikkje avklart tidspunkt for møtet pr. dags dato.

Den aktuelle bilbrua er regulert som kommunal ferjekai i reguleringsplan frå 2006.

#### Vår vurdering av søknaden

Fullføring av kaianlegg med ferjelem på Skorpa er ikkje prioritert i Regional transportplan. Med utgangspunkt i dette samt dei sterkt reduserte rammene for samferdsleavdelinga dei neste åra finn ikkje fylkesdirektøren å kunne gå inn for å finansiere dette prosjektet. Fylkeskommunen skal gjennomføre møtet med Flora kommune, men vår haldning vil vere at dette ikkje mogleg å finansiere innanfor samferdsleavdelinga sine rammer. Dette må sjåast på som eit kommunalt prosjekt og finansierast av kommunen.

#### **Luster kommune – søknad om økonomisk medverknad til drift av ferjesambandet Solvorn – Ornes**

Luster kommune har søkt auka økonomisk medverknad til drift av ferjesambandet Solvorn – Ornes (50 % finansiering frå fylkeskommunen). Gjennom gjeldande avtale med Luster kommune har fylkeskommunen gitt eit årleg tilskot på kr 450 000,- til drift av sambandet. Kommunen sine netto utgifter til dette ferjetilbodet vil vere om lag 2 mill. kr i 2014.

I følgje Luster kommune er ferjetilbodet mellom Solvorn og Ornes viktig av fleire grunnar:

- skysstilbod til barnehage og skule
- arbeidsreise
- turistrute
- viktig for lokalsamfunna på sørsida av fjorden og deira tilknytning til Solvorn.

Tal reisande har auka dei siste åra, særleg reiselivstrafikken. I 2013 var det registrert 46341 passasjerar på ferja. Reiselivstrafikken utgjer storparten av trafikken, men skuleskyss og behova for lokalsamfunnet krev heilårstilbod.

Gjeldande anbuds kontrakt går snart ut. Sambandet har difor vore ute på anbod på nytt. Kostnaden for Luster kommune vil vere om lag 2,3 mill. kr etter nytt anbod. Dersom ein tek med kostnadane til drift og vedlikehald av ferjekaier, er kostnaden om lag 2,7 mill. kr. Ferjeselskapet tek inn om lag 1,5 mill. kr i året på billettinntekter.

I møte med Luster kommune den 12.8.14, vart kommunen oppmoda om sjå på moglegheitene for å redusere kostnadene/auke inntektene på sambandet

#### Vår vurdering av søknaden

Samferdsleavdelinga har gitt eit årleg tilskot på kr 450 000,- dei siste åra som betaling for skuleskyss med ferja. I tillegg har næringsavdelinga gitt tilskot på kr 400 000 i 2012 og 2013 til utviding av «skuldervesongane» i mai og august med tanke på reiseliv. Tilskotet har vore finansiert av INU-midlar, men frå og med 2014 har ikkje Luster fått slikt tilskot.

I samband med siste anbudsutlysing kom det inn eit tilbod. Kostnadane auka noko i høve til gjeldande kontrakt, men det er ein mindre vesentleg auke samanlikna med andre ferje anbod. Fylkesdirektøren for samferdsle vurderer det som aktuelt å vidareføre tilskotet på 450 000 i året så lenge ferja dekkjer behovet for skuleskyss.